



Arkivnr: 2018/12341-2

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland ,David Aasen Sandved, Ronny Skaar

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		21.08.2018
Fylkesutvalet		30.08.2018

Høyrings svar Kulturarenaplan for Bergen kommune 2019 - 2030

Samandrag

Bergen kommune har lagt ut til høyring Kulturarenaplan for Bergen kommune 2019 – 2030, med høyringsfrist 20.august 2018.

Bergen bystyre vedtok 31.januar i år ny kunstplan og ny amatørkulturplan for dei neste ti år i. Kulturarenaplanen er knytt til desse, og denne planen avløyser kulturarenaplanen som vart rullert i 2011.

Bergen kommune legg ut til høyring ei breitt oversyn som tek opp bygningsbehov både knytt til lokale kulturhus, bydelshus, hus for verksemder med regional, nasjonal og internasjonal kulturverdi. Det er gjort eit grundig arbeid på mange felt, og det ligg føre omtale både av nye bygg, omgjering av bygg til ny kulturbruk og større vedlikehaldsbehov. Dei tek også opp t.d. kunst i offentlege rom.

Bergen kommune har mange gode planar, særleg innan kunst- og kulturfeltet som denne planen er knytt til. I tillegg til overordna visjonar og føringar vert det i kulturarenaplanen lagt fram gjennomgang av gjennomførte prosjekt sidan 2011, prosjekt under realisering, prosjekt under planlegging og prosjektidear. I tillegg tek dei opp viktige problemstillingar som eigedomsskatt, refusjonsordningar for leigeutgifter, vedlikehald ol.

Det vert også uttalt i planen at meir midlar frå *kap.322, post 70 – Nasjonale kulturbygg*, bør tilfalle Bergen, og at det må arbeidast aktivt med dette. I tillegg viser planen at det behov for at spelemidlane til kulturbygg må aukast. Dette er også viktige satsingar for Hordaland fylkeskommune.

Kulturlivet sine eigne innspel om behov er tydeleg i denne planen. Det er viktig å høyre på kulturlivet, men planen verker langt på veg meir refererande enn styrande. Det er ikkje skilt klårt mellom tiltakshavar sine visjonar og Bergen kommune sine vurderingar. Planen legg heller ikkje opp til ei langsiktig prioritering basert på kartlegging og analyse, men viser til at konkrete prioriteringar og avsetningar vil reflekterast i den til ei kvar tid gjeldande økonomiplan. Fylkesrådmannen har noko forståing for dette fordi utvikling av kulturarenaer er eit særst omfattande felt som må sjåast i eit langt tidsperspektiv, og dermed må inngå som ein del av dei til ei kvar tid pågåande politiske prioriteringane. På den annen side kan det innvendast at dette svekkar planen som styringsdokument.

På denne bakgrunnen stiller fylkesrådmannen seg spørjande til om det er tenleg at planperioden er sett frå 2019 til 2030. Det vil høgst sannsynleg kome mange innspel, m.a. frå kulturlivet sjølv, om nye behov og prosjektidear i desse åra, og fylkesrådmannen stiller spørsmål om korleis Bergen kommune vil forholde seg til desse i forhold til denne planen. Ei rulling t.d. midtveges i den oppsette planperioden kan vere å anbefale.

Slik planen framstår, vert den i stor grad ein katalog over påbegynte, planlagde og påtenkte tiltak. Fylkesrådmannen saknar ei klårare basiskartlegging av status og ein overordna analyse av framtidige behov som grunnlag for kommunale vurderingar. For å synleggjere kor langt prosjektet er komen i den formelle planprosessen, ville det også vere føremålstenleg med ein oversikt over med gjeldande status for kvart enkeltprosjekt i høve arealplan, t.d. om prosjektet er i samsvar med gjeldande kommuneplan, om det føreligg godkjent reguleringsplan med heimel i plan- og bygningslova eller løyver etter td kulturminnelova. I rubrikken for omtale av finansiering av det einskilde tiltak er det ikkje skild mellom vedteken finansiering og kva som er ønskjeleg finansiering. Det burde og gå fram kven som står bak framlegga til finansiering.

Bergen har fleire kulturarenaer og planar for mange arenaer som har regional, nasjonal og også internasjonal interesse der det er uttrykt klare forventningar om at Hordaland fylkeskommune bidreg med finansiering gjennom ein målretta politikk på området. Det er likevel svært store behov og ambisjonar som vert presentert her, og det er naudsynt med stram prioritering. Hordaland fylkeskommune tek ikkje standpunkt til konkrete prioriteringar i denne saka.

Eit viktig aspekt ved planen er likevel at den synleggjer behov og potensiale og slår fast at utvikling av kulturarenaer er ei kraft i arbeidet med byutvikling. Planen formulerer viktige visjonar og mål for arenutviklinga si tyding for Bergen.

Kulturarenaplan for Bergen kommune 2019 - 2030 kan lastast ned her:

<https://www.bergen.kommune.no/politikk/byradet/7055/7058/article-155764>

Økonomi: Det vert ikkje gjort vedtak som legg føringar for økonomi i denne saka.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har relevans for td. klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Saka er bygd på vedteke satsingar i regionale planar, t.d. Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, og bygger også opp under fleire strategiar i Regional planstrategi 2016 – 2020.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet slutter seg til innspel til Kulturarenaplanen for Bergen kommune slik det ligg føre i saka og vedtek følgjande:

1. Slik planen framstår, vert den i stor grad ein katalog over påbegynte, planlagde og påtenkte tiltak. Hordland fylkeskommune saknar ei klårare basiskartlegging av status og ein overordna analyse av framtidige behov som grunnlag for kommunale vurderingar.
 - a) Kulturlivet sine eigne stemmar er tydeleg i denne planen. Planteksten burde hatt eit tydelegare skilje mellom innspel frå tiltakshavarar og Bergen kommune sine eigne vurderingar.
 - b) I rubrikken for finansiering av det einskilde tiltak må det skiljast mellom vedteken finansiering og kva som er ønskjeleg finansiering. Det må og gå fram kven som står bak framlegga til finansiering.
 - c) Hordaland fylkeskommune vil tilrå at planen meir systematisk og heilskapleg skildrar og vurderer omsynet til arealplanlegging etter plan- og bygningslova og kulturminnelova.
 - d) Hordaland fylkeskommune ser 2019 – 2030 som ein lang periode for ein slik plan, og vil tilrå at planen vert rullert midtvegs i planperioden.
2. I tråd med eige vedtak støttar Hordaland fylkeskommune Bergen kommune i at spelemidlane til kulturbygg må aukast.
3. Hordaland fylkeskommune er samd i at meir midlar frå *kap.322, post 70 – Nasjonale kulturbygg*, bør tilfalle Bergen og Hordaland. Det må arbeidast aktivt med dette.

4. Hordaland fylkeskommune ser det som svært positivt at det jobbast for at skulane i Bergen skal kunne nyttast betre til bruk for kulturlivet på kveldstid, og at det skal leggst til rette for ei dette gjennom kommunalt bookingsystem.
5. Hordaland fylkeskommune ser satsinga på ny bruk av tomme lokale som svært positiv og eit viktig bidrag til ei god byutvikling og m.a. levande sentrum.
6. Hordaland fylkeskommune vil styrke musea i høve drift og investering i samsvar med dei økonomiske føresetnadene til fylkeskommunen og støttar Bergen kommune si vurdering av at det svært store behov for istandsetting av eldre bygg innanfor museumssektoren og behov for nye lokalar for nye satsingar.
 - a) Hordaland fylkeskommune vil følge opp prosjekt Museumsløft knytt til kartlegging av bygningsmasse og vedlikehaldsbehov av dei verneverdige bygga i musea. Dette vil konkretisere behova innan museumsfeltet på ein systematisk og god måte.
 - b) Det er svært positivt at Bergen kommune vil opprette ei ny tilskotsordning til vedlikehald av ikkje-kommunale museumsbygg.
 - c) I tråd med nasjonal politikk er etablering av eit Verdsarvsenter på Bryggen eit prioritert kulturarenatiltak i Regional kulturplan for Hordaland.

Ingrid Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.08.2018

Overordna mål og tilknytning til andre kommunale planar

Bergen kommune setter opp følgjande hovudmål og strategiske spor for kulturarenaplanen:

Kunst og kulturfeltet i Bergen skal ha tilstrekkelig og formålstjenlig kulturell infrastruktur, og som er utformet til beste for gode publikumsopplevelser.

Det må arbeides langs følgjende strategiske spor:

- *Vektlegge kunst og kultur i alle byutviklingsstrategier og plansaker.*
- *Byen skal eksperimentere med kunstneriske uttrykk som overrasker og åpner for innovasjon på Kunst- og designalmenninger, i åpne byrom og i nye soner.*
- *Styrke og videreutvikle byens sentrale kulturakser.*
- *Sikre god infrastruktur for kulturfeltet, som møter befolkningsvekst og gir gode boområder.*
- *Tilpasset infrastruktur skal sikre tilgjengelighet for flest mulig grupper, med universell utforming som ambisjon.*
- *Utarbeide oversikt over behov og lokaliseringmuligheter for fysiske klynger innen ulike fagmiljø.*
- *Skape funksjonelle og tilpassede kulturarealer gjennom rehabilitering og vedlikehold av eldre bygninger.*
- *Sikre bedre utnyttelse av kommunal eiendom til kunst- og kulturtiltak.*
- *Sikre finansielt samarbeid mellom private, kommune, fylke og stat i utvikling og rehabilitering av kulturbygg.*

I kulturarenaplanen står byutviklingsperspektivet sentralt. Dette bygger m.a. på vedteken politikk i kommuneplanen sin samfunnsdel 2030 og Kulturstrategi for Bergen 2015 – 2025. Målet med denne planen er å gje retning for byrådet og Bergen kommune sine prioriteringar fram mot 2030, og å sjå utviklinga av kulturarenaer som ein integrert del av byutviklinga:

En ny kulturarenaplan, som omfatter utbyggings- og investeringsprosjekter av kulturbygg og anlegg innenfor alle sjangre skal utnyttast strategisk i utvikling av kulturbyen Bergen. Særlig viktig er kulturanlegg i senterdannelser og kulturakser. Byrådet tror på synergieffekten mellom kunst og byutvikling, der samspillet mellom disse to skaper et samfunn å trives i. Kunst og kulturs betydning som drivkraft for bysamfunnets utvikling har gitt byen en sterkere profil, identitet og omdømme så vel nasjonalt som internasjonalt.

Innleiinga skildrar kulturbygg som kraft i byutviklinga. Vidare i planen vert ikkje forholdet til by- og arealplanlegging systematisk skildra eller vurdert.

I *Kunstplan for det profesjonelle kunstfeltet i Bergen 2018-2027* vert det vist til at to av fem «nøklar» til eit vitalt og nyskapande kunstliv er relatert til kulturarenaer; produksjonslokale og visnings- og formidlingslokale.

Innan musikkfeltet vert det i Kunstplanen peikt på at det er mangel på lokale for lydkevjangende arbeid og for større ensemble og produksjonar. Det er registrert behov for fleire funksjonelle øvingsrom og pre-produksjonslokale. Vidare er det behov for satsingar på nye konsertsalar, arenaer og fleirbrukshus.

I *Amatørkulturplan for Bergen 2018-2027* vert det peikt på utfordringar knytt til kulturlokale. Det kan vere mangel på lokale som er tilpassa øving eller produksjon og framføring av dei ulike kulturuttrykka. Det er også peika på at det i fleire høve er manglande universell utforming av bygga.

Det er interessant for HFK å få ei brei oversikt over behov og satsingar på kulturarenafeltet i Bergen, og særst viktig er det å få oversikta over dei prosjekt der det i størst grad kan vere aktuelt med fylkeskommunal støtte utover tilskotsordninga til lokale kulturbygg. Om fylkesrådmannen skal indikere noko generelt om moglege prioriteringar i forhold til denne planen er det at fylkeskommunen sitt ansvar ligg til arenaer som tener den profesjonelle kunst- og kulturformidlinga i eit regionalt perspektiv, mens arenaer som primært skal

tene sosialt samver og amatørkultur i all hovudsak er eit kommunalt ansvar. Dette skiljet er også sett opp i denne planen.

Viktige tema i planen

Kulturlivet sjølv har vore aktive med innspel til planen. Og som det er skrive i planen speglar den dei behov og ønskjer eit ambisiøst kunst- og kulturlivet har for både generelle og spesialiserte kulturbygg no og i framtid. Dei skriv at planen omfattar alle innspel som er komen inn i løpet av planarbeidet.

Planen presenterer mange store investeringsprosjekt i perioden. Bergen kommune skriv at prioritering av prosjekt vil skje i handsaming av budsjett og økonomiplan. Fylkesrådmannen har heller ikkje kommentert eller innstilt på vedtak som gjeld presentasjonar av enkeltbygg/-prosjekt. Der er likevel enkeltpunkt og – problemstillingar som fylkesrådmannen vil framheve.

Når det gjeld amatørkulturlivet og aktivitet i bydelane ser fylkesrådmannen det som svært positivt at det jobbast for at skulane i Bergen skal kunne nyttast betre til bruk for kulturlivet på kveldstid. Deira satsing på eit felles online bookingsystem gjennom AktivBy er eit førebilete for andre kommunar.

Planen tek opp at høge leigepriser, særleg i sentrum er eit problem for kulturlivet, både den profesjonelle delen og amatørkulturlivet. I tillegg til satsing på auka bruk av skular vil det sjå på ei utvida ordning for refusjon av husleige. Det er viktig å ta denne problemstillinga på alvor. Auka fortetting, oppgradering av bygg og bygging av nye kulturbygg har høge kostnadar som må dekkast inn. Dette fører ofte til svært høge leigepriser, både når det gjeld fast leige av kontor og produksjonsfasilitetar og ikkje minst når det gjeld større arrangement / framføringar.

Kunst i offentleg rom er ein del av denne kulturarenaplanen. Hordaland fylkeskommune ser svært positivt på at Bergen kommune har styrka si satsing på kunst i offentlege rom ved å vedta ein prosent avsetning av byggekostnader. Kunst er ein viktig del av våre felles byrom og det er viktig at dette styrast gjennom demokratiske system og prosessar og ikkje private, kommersielle interesser.

Når det gjeld museumsfeltet vil byrådet, jf. Byrådets plattform 2015 – 2019, prioritere rehabilitering av bygningsmassen, noko det er omfattande behov for. Dei vil jobbe for meir statleg støtte til dette, noko HFK også meiner er viktig.

I samband med skildringa av prosjektidé «KODE Samtid» vert det nasjonale NB-registrert omtalt. Omtalen av omsyn til arealplanlegging knytt til dette enkeltprosjektet gjer eit skeivt bilete, då største delen av den historiske byen, inkludert Sandviken, er registrert som områder med kulturmiljø av nasjonal interesse. NB-registeret omfattar soleis sær mange av prosjekta omtalt i planen.

I samband med planen sin skildring av NB-registeret vil vi og påpeike at registreringa i seg sjølv ikkje gjer noko formelt vern, men, som kulturminnemynde, skal Hordaland fylkeskommune, jf. Klima- og miljødepartement Rundskriv T-2/16, punkt 3.9, vurdere motsegn til planar som kjem i konflikt «Nasjonale kulturhistoriske bymiljøer, jf. NB!registeret.».